



Seim barnehage SA  
Lurevegen 171  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1192 - 15/31501

Saksbehandlar:  
Astrid Namtvedt Sylta  
syas@lindas.kommune.no

Dato:  
19.11.2015

## Vedtak om godkjenning av Seim barnehage.

### **Vedtak:**

Seim barnehage vert godkjent etter Lov og barnehage § 10 Godkjenning. Godkjenninga er ei stadfesting av tidlegare godkjenning etter Lov om barnehage.

Seim barnehage har eit godkjent leike- og opphaldsareal på 363 m2. Dette gjev plass til 90 barn over 3 år.

### **Vedtak om mellombels godkjenning av Strilatun:**

«Etter delegert mynde frå Lindås kommune vert Seim barnehage SA avd Strilatun godkjent for 25 barn i perioden 03.12.2014 – 01.01.2018 jfr. Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular».

Seim barnehage SA avdeling Strilatun vert etter Lov om barnehage § 10 Godkjenning, mellombels godkjent for 25 barn over 3 år. Godkjenninga gjeld frå 03.12.2014 – 01.01.2018.

Rettleiande arealnorm for barns leikeareal inne er 4 kvadratmeter netto per barn over 3 år og 5,3 kvadratmeter netto per barn under 3 år. Utearealet i barnehagen bør vere om lag seks gangar så stort som leike- og opphaldsarealet inne.

Tal barn i barnehagen må justerast i høve til alderssamansetjinga i barnegruppa og i høve til godkjent areal.

Rådmannen legg til grunn at Seim barnehage vert driven etter dei lover og reglar som til ei kvar tid gjeld for barnehagedrift.

### **Orientering om enkeltvedtak:**

Dette er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Enkeltvedtak kan klagast på. Klagefrist er 3 veker rekna frå den dagen de får dette brevet. Klagen skal stilast til Lindås kommune v/ Astrid N. Sylta, og den må grunngjevast. Får de ikkje medhald eller delvis medhald ved ny handsaming, vert klagen sendt til endeleg avgjerd hjå Fylkesmannen i Hordaland.



Med helsing

Kristin Moe  
kommunalsjef

Astrid Namtvedt Sylta  
rådgjevar oppvekst

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Seim barnehage SA

Lurevegen 171

5912

SEIM